



1



3

Skidag for vidarekomne

Tiåringen Snønuten Open vart eit renn for rekordbøkene. Aldri før har fleire kjørt og aldri før har det blitt kjørt så fort.

Arne Vestbøstad

Påskeaftan var det tid for det etterkvart tradisjonelle og eksklusivle Snønuten Open, i år for tiande gong. Og jubileums-

utgåva gjorde så vist ikkje skam på tra-disjonen.

Det var inviterte deltakarar som til vanleg held til i heile landet, frå Kristiansand i sør, til Tromsø i nord. Felles er at dei alle på ein eller annan måte er knytte til Suldal.

Det var rekorddeltaking i 2012-utgåva. Heile 30 deltakarar kjørt på tid. Og det vart sett rekordtid for nedfarten, både i dame- og herreklassen. Men løpet er meir enn berre kappestriden dei godt og vel

1000 høgdemetrane frå toppen og ned til målpasseringa.

Fleire etappar

"SNO-general" Mads Drange fortel at dette er eit høgdepunkt for ei kjerne av unge vaksne suldøler og deira vener, som gjerne ikkje treffest så mange andre gonger enn akkurat under påskerennet. Felles for dei er skigleda.

Den psykologiske krigføringa hardnar til langfredag, under trekninga av startnummer. For mange blir òg dei siste skiprepareringane unnagjort då.

Den neste millepalen er samlinga ved butikken på Suldalsosen. Her møtest dei fleste deltakarane, og bilane blir fylte opp. Så står det berre att å kjøra til øvre Suldal, spenna på seg skia og gje seg i kast med fjellheimen.

Turen opp til toppen, med innlagt matpause, er lang nok til at oppdateringane på året som har gått kanskje er unnagjort.

Silkeføre

Året utgåva hadde så godt som fullklaff med vêret. På toppen av Snønuten var det relativt roleg på vindfronten, og temperaturane var god. Nysnøen gjorde sitt til at det vart lettare å styra og mindre skummet å gå over ende, slik at mange våga i gi på litt ekstra.

Straks nedturen var unnagjort, starta i realiteten førebuingane til neste års nedfart. Under banketten blei forseringa gjennom bratheng og andre delar av løpa analysert og samanlikna. Medan somme oppsummerte eige resultat med korte kraftuttrykk, ut frå både tid og plasering samanlikna med andre, var andre meir tilfredse med prestasjonane sine.

Ulike lagnader

Lagnadane var nesten like mange som det var deltakarar. For Suldalsposten sin nutschæmte medarbeidar var det godt å kunne gi tilbake dei erverva høgdemetrane. Fjellvettreglar som "det er inga



2

3

skam å snu" og "legg ikkje ut på langtur utan trening" dunka minst like hard i hovudet som pulsen etter dei første seige stigningane. Dugleiken på ski tilsa òg at det var naudsynt å leggja inn god tryggleiksmargin.

Andre let seg ikkje knekka av motgang. Tordis Kleppa oppdagde på parkeringsplassen ved Mostøl at skistøvlane ikkje var komme med då ho skiftet bil på Suldalsosen. Det var ikkje noko større utfordring enn at ho kjørt ned, henta støvlane, gjekk opp til nuten og var klar til start når ho skulle.

Også Tor Øyvind Grov viste stor vilje på vegen opp. Han tok seg opp på sko og truger, og alt frå starten av var han usikker på om han ville klara å koma til topps. Likevel kjempa han seg oppover, og sjølv om starten hadde gått før han var kome opp, kjempa han seg vidare, på rein vilje. Opp kom han og utfør sette han.

I tillegg kravde motbakane både stavar og lyskar, så ikkje alle nådde toppen, slik dei hadde tenkt.

Stolte vinnarar

Det kan berre vera ein vinnar. I år var det endåtil ein relativt urutinert SNO-arr som viste størst dugleik og mot under løpet. Peter Wivestad frå Kristiansand kjørt ned på tida 8 minutt og 19 sekund. Den førre bestenoteringa heilt frå toppen var 8:23. Også blant damene vart det ny beste-



4



5



6

tid. Mari Wedum kjørte strekket på 11:55, medan den førre rekorden var på 12:23.

Peter Wivestad var tydeleg på kva som sikra han SNO-sigeren.

– Det var kjøringa i hockey. Eg har vore på fartstrenings på Hovden. Der kjørte eg saman med nevøen min på fem år, som var på besøk frå Sverige. Eg sa til han: "Nå skal me kjøra litt svingar", men då sa han: "Nej, jag vil tävla!", og då måtte eg berre følgja på.

Han kunne elles fortelja at han eigentleg ikkje kjørte så mykje på ski lenger, men når han først gjorde det, gjorde han det skikkeleg, noko farten mellom trea på slutten av løypa tydeleg viste.

Under premieutdelinga etter midda-

gen uttrykte SNO-General Mads Drange, med glimt i auga, at det var med tungt hjarta han sendte pokalen ut av fylket, men det var i allfall ei troyst at den ikkje gjekk til nokon frå Sauda.

Lang og tru teneste

Under banketten på Mo Laksegard var det fleire enn vinnarane som fekk heiðer. Denne gongen var det Mads Drange og Lars Bjørke. Dei er dei einaste som har kjørt Snønuten Open alle dei til åra rennet har funne stad. Det er fleire som har vore med alle åra, men det er ikkje alle som har kjørt på tid, slik desse karane har gjort kvart år.

Kome for å bli?

"Mediekontakt" Kjetil Helland fortel at etter som åra går, blir det utfordrande for mange å få tid til å delta på SNO. Då løpet starta var deltakarane relativt frie og franke, medan det nå er fleire som slår seg til ro med familie og andre plikter. Likevel trur han fridagane i påska er mange nok til at SNO-arane kan bruka minst ein av dei på løpet. For eigen del trur han at det skal vera godt mulig å vera med i 15 år til, med hud og hår.

Han har merka seg ei anna endring som vitnar om at folk vaksnst; Det er fleire som er med på skirennet enn på banketten, medan det i starten var overvekt av dei som deltok på festen.

Bilettekstar:

1. Så godt som heile bøtteballetten som kasta seg utfor Snønuten denne påska.
2. Hans Martin Skjefstad enda på 13. plass med tida 10:05. Resultatlista på www.hansmagne.com viser at alle 30 løparane tilbakela turen på under 20 minutt.
3. Den lange turen opp til startpunktet er siste sjansen til å psyka ut motstandarane, samt planleggja turen ned.
4. Peter Wivestad og Marit Wedum viste klasse, då dei viste seg som dei raskaste i kvar sin klasse.
5. Kjetil Helland (ståande) kunne ikkje delta i år, sidan han hadde skada kneet medan han sto på ski i Røldal. Her i diskusjon med Lars Bjørke, Christian Bjørke og Lars Kristian Benninghoff.
6. Skal løparane hevda seg, lyt skia prep-past skikkeleg.